



Svenn Erik Gabrielsen frå Universitetet i Bergen og oppsynsmann i Uskedalselva Arne Terje Haugland diskuterer ein fangstrapport. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore ei positiv utvikling med omsyn til tettleiken av ungfisk sidan 2001 då dei første undersøkingane etter kalkingsinnsatsen i Uskedalselva starta. Vasskvaliteten har vorte merkbart betre. Og i år er det meir lakseyngel enn i fjor, medan auren har vore stabil.

Dette var ein førebels konklusjon som Svenn Erik Gabrielsen frå UNIFOG ved Universitetet i Bergen kom med til uskedalen.no då han tysdag var i gang med elektrofiske på andre dagen i Uskedalselva.

Elektrofiske er ein effektiv del av overvåkingsprogrammet som Direktoratet for Naturforvaltning har i gang på landsbasis for å kartleggja tettleiken av ungfisk i samband med kalkinga.

I Uskedalselva går fisket ut på at dei kvar haust fangar ungfisk på sju 100 kvadratmeter store område frå Friheim og ned til fjorden. Dette året har dei funne laksyngel heilt oppe ved Friheim og Gabrielsen seier at yngeltettleiken er god.

- Men kva vil du seia til ein dyrevernarar som kanskje ikkje har noko til overs for ein slik "fiskemetode"?

- Eg vil seia at uttaket av fisk som skjer på dette viset er så lite at det ikkje betyr noko negativt for vassdraget. Det som skjer er at nokon må bøta med livet for at andre skal ha det bra og veksa – til glede for fiskarane.

- Vi har allereie tre frysarar fulle med fisk som vi skal granska utover vinteren. Mellom anna ser vi også etter parasittar, fortalde Gabrielsen.



Dette var fangsten av ungfisk etter elektrofisket ved utløpet av Tverrelva tirsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

I ein rapport som biolog Steinar Kålås skreiv etter elektrofisket hausten 2005 vart det opplyst at det som i 2004 vart fanga laks på alle stasjonane i Uskedalselva og at det for første gong også var fanga ein lakseunge i Børsdalselva.

I dei øvste delane av Uskedalselva var vasskvalitet og temperatur då god nok for laks, men tilkomsten er vanskeleg på grunn av fossar og stryk. Dette er den mest sannsynlege årsak til at det ikkje var funne lagesungar der tidlegare.

Laksebestanden i elva var tapt før kalkiinga vart sett i gang. Den største endringa i elva etter at kalkinga vart sett i gang er at produksjonen og fangsten av laks er sterkt auka medan produksjonen og fangsten av aure har vore nær uforandra i den perioden elva er undersøkt. Dette er eit paradoks sidan kalkinga vart sett i gang for å sikra sjøauren i vassdraget, skreiv biolog Kålås.

Bestanden av laks som har etablert seg etter at elva vart mindre sur er tufta på avkom etter oppdrettslaks, eventuelt feilvandra laks.

Ein bør vurderer om ein skal setja i verk tiltak for å hindre at laksestamma i elva vert tufta på avkom frå rømt oppdrettsfisk ved til dømes å leggja ut befrukta egg frå nærliggjande lokale laksestammar, skreiv biologen.

Av Ola Matti Mathisen



Svenn Erik Gabrielsen "fiskar" med elektrisitet på Kjærland tirsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)